

Jotunheimen nasjonalpark, vurdering av utvida vern, Vågå kommune

Referat frå møte 19. juni 2023, Arbeidsgruppe 2

Bakgrunn for møtet går fram av møteinvitasjon ved brev av 12.05.23

Arbeidsgruppe 2 består av ulike lag/organisasjonar som representerer ulike interesser.

Tilstede

Arbeidsgruppe 2:

Nasjonalparkriket Reiseliv – Ole Erik Bjørnstadhaugen

Naturvernforbundet i Ottadalen – Nelly Kari Einstulen, Sigrun Aunan, Nina Andby

Øystein Stubrud, Vågå Bonde og Småbrukarlag

Øyvind Holø, Sel og Vågå Bondelag

Mathias Snerle, Vågå Sau og Geit

Andre

Landbrukssjef Per Ivar Weydahl, Vågå kommune

Seniorrådgiver Harald Klæbo, Statsforvalteren i Innlandet (SF) – møteleder

Nasjonalparkforvalter Kari Sveen, Jotunheimen

Innleiingsvis til innkallinga;

Naturvernforbundet i Sel og Ottadalen etterlyser deltaking frå BirdLife Oppland. SF skal sjekke ut dette – dei er absolutt relevante å ha med.

Verneverdiar og verneplanprosess

Harald Klæbo orienterte om bakgrunn og prosess for ei mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Ramme frå Klima og miljødepartementet er at det skal bygge på ein friviljug prosess der kommunane har teke stilling til om dei ønskjer areal utgreidd for vern. Kopi av presentasjonen vedlagt.

Dei to innleiande møtene i arbeidsgruppe 1 og 2 vil danne grunnlag for Statsforvaltaren til å utarbeide melding om oppstart av verneplanprosess truleg i august og september i år.

Innspel/spørsmål

SF refererte til innvendingane i fyrste runde før kommunane tok stilling. Eit av dei var at beiteinteressene har sagt at det har vore eit aukande problem med laushundar særleg på innfallsportane til verneområda. Det har t.d. blitt auka trafikk ved ein del av innfallsportane til Langsua.

Har vi belegg for å si at problemet med laushundar er større i nasjonalpark?

- Det er like reglar om bandtvang innan og utanfor nasjonalpark. Det burde vore større ressursar til informasjon om bandtvang, da det er noko manglande kunnskap om at t.d. Vågå kommune har utvida

bandtvang til 1. oktober. Også dei andre kommunane rundt Jotunheimen har utvida bandtvang utover generell dato 20. august, av omsyn til beitedyr.

Får vi nødvendigvis auka trafikk om det blir utvida vern?

Ein nasjonalpark kan nok vera eit trekkplaster for enkelte, men sidan det alt er nasjonalpark på vestsida av Fv 51 vil nok ikkje «trekkplastereffekten» endre seg vesentleg om grensa kjem nærare vegen.

Viktig med god informasjon; eksempel om forholdet til beitedyr, folk må ha kunnskap om beitedyr, og halde nødvendig avstand til storfe. Folk må få informasjon om kva som er trygg avstand.

Det vart vist til referatet frå arbeidsgruppe 1, der det vart påpeika at reiselivsbedriftene ikkje har større trafikk, men at auken først og fremst har kome frå hyttefolk og andre tilreisande. Meir utfordrande å drive informasjon mot den uorganiserte turismen av enkeltpersonar.

Forsøpling - det er ein del forsøpling på punkt der mange stoppar, særleg ved Vargebakkane ved stien mot Knutshøe. Parkeringsplassen har også for liten kapasitet. Området der det før var reinsgjerd har allereie inngrep.

Også rasteplassen ved Russtangen kan få auka trafikk dersom den blir som ein innfallsport mot ein utvida nasjonalpark ved Hindflyin.

Generelt om ferdsel/forsøpling:

Der det er tilrettelagt for stopp bør det vera ordna toalettfasilitetar, slik er det ikkje i dag..

Arbeidsgrenser

Harald Klæbo orienterte om utgreiingsområdet. Dette vil omfatte ytre arbeidsgrenser. Eit eventuelt verneplanforslag kan bli mindre gjennom den vidare prosessen. Ein kan derimot ikkje foreslå vern ut over dei ytre arbeidsgrensene, så systemet er slik at ein har noko større område til utgreiing enn det som konkret kan bli aktuelt for vern.

Det kan koma nokre hytter/anlegg ved Nedre Leirungen og ved Gjendeosen innan utgreiingsgrensene, men private hytter, sanketrøer og anlegg for Gjendebåten og Gjendesheim vil ikkje inngå i eit verneforslag – jf. føringane for kva areal som kan inngå i nasjonalpark. (naturmangfaldlov § 35: «Som nasjonalpark kan vernes større naturområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep.

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet. Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. - - »

Nelly Einstulen peika på at våtmarksområdet på begge sider av Leirungsåe burde vore utgreidd samla dvs også arealer i Øystre Slidre.

Nye friluftformer, skal det leggst til rette for dette i framtida?

SF: Dette vil koma som del av utgreiingar for reiseliv/friluftsliv/ferdsel.

Landbruk

For landbruket er det veldig viktig å få verneforskrifter som ivaretek vanlege behov, som vedlikehald av buer og anlegg, nødvendig motorferdsel osv.

Det er viktig å få konkrete innspel på landbruksmessige behov for å kunne få inn hensiktsmessige føringar ved utarbeiding av verneforskrifter og forvaltningsplan.

Viktig at husdyrbruk og beiting skal få halde fram.

Det å unngå nedbygging er bra for landbruksnæringa. Det er betryggande at Russdalen beitelag har gode erfaringar med nasjonalparkvernet.

Kan hende at beiteinteressene er best verna med ein nasjonalpark?